

NOREGS BANK MEMO

Kunderetta betalingsformidling 2018

NR 1 | 2019



NOREGS BANK

Noregs Bank Memo Nr. 1 | 2019

Noregs Bank

Adresse: Bankplassen 2
Post: Postboks 1179 Sentrum, 0107 Oslo
Telefon: 22 31 60 00
Telefaks: 22 41 31 05
E-post: central.bank@norges-bank.no
Internett: <https://www.norges-bank.no>

ISSN 1894-0269 (trykk)
ISSN 1894-0277 (online)

ISBN 978-82-8379-097-9 (trykk)
ISBN 978-82-8379-095-5 (online)

Innhold

NOREGS BANK MEMO
NR 1 | 2019

| | |
|---|----|
| Kunderetta betalingsformidling 2018 | 4 |
| 1 Bruk av betalingsinstrument | 4 |
| 2 Korttransaksjonar | 8 |
| 3 Kontant- og betalingsinfrastrukturen..... | 13 |
| 4 Kontantar i omløp..... | 15 |
| 5 Prisar i betalingsformidlinga | 20 |
| 6 Bankane sine inntekter frå betalingsformidling..... | 22 |
| Tabellar | 23 |
| Generelle data | 23 |
| Betalingsmiddel i Noreg | 23 |
| Betalingsinfrastruktur | 24 |
| Kunderetta betalingstenester | 27 |
| Prisar | 35 |
| Pengeoverføringer til andre land | 37 |
| Kjelder og notar til tabellane | 39 |

Kunderetta betalingsformidling 2018

NOREGS BANK MEMO
NR 1 | 2019

Bruken av betalingskort held fram med å auke. I 2018 vart det gjort til saman 2,5 milliardar transaksjonar med norske betalingskort. Kvar av oss brukte betalingskortet i gjennomsnitt 475 gonger i 2018. Den gjennomsnittlege verdien av korttransaksjonane var 382 kroner.

Kortbetalingar over internett (netthandel) auka på nytt mykje, og utgjer no 12 prosent av alle betalingar med norske kort.

Veksten i mobilbetalingar var òg svært høg. Talet auka frå 91 millionar i 2017 til 141 millionar i 2018. Ein større del av mobilbetalingane vert no belasta bankkonto direkte, og dei fleste av desse går gjennom infrastrukturen for Straksbetalingar. I 2017 vart det utført om lag éin million Straksbetalingar, medan talet i 2018 hadde auka til 58 millionar.

Det var ein ytterlegare nedgang i bruken av kontantinfrastrukturen. Talet på uttak frå minibankar og som cash-back i butikkar minka med høvesvis 13 og 18 prosent frå 2017 til 2018. Nedgangen i uttak av kontantar frå minibankar og i butikkar er ikkje av ny dato, men har vore særskilt høg dei seinaste åra. Utvalsundersøkingar frå Noregs Bank syner at kontantar vert nytta i om lag kvar tiande betaling som privatpersonar gjer på utsalsstader og til andre privatpersonar.

1 Bruk av betalingsinstrument


I hovudsak finst det to typar betalingsmiddel: kontantar og bankinnskot (kontopengar). Betalingsmidla kan disponerast ved bruk av betalingsinstrument. Betalingskort og giro er døme på betalingsinstrument som gjer kontopengar tilgjengelege. Kontantar kan nyttast utan bruk av andre instrument og er derfor både betalingsmiddel og betalingsinstrument.

Figur 1 viser utviklinga i bruken av betalingsinstrument utanom kontantar. I 2018 vart det gjort 2470 millionar kortbetalingar og 767 millionar girobetalingar (overføringer mellom bankkontoar)¹.

1 Kan vere anten kreditoverføringer eller direkte debiteringar. Ei direkte debitering (til dømes AvtaleGiro) er sett i gang av betalingsmottakaren, medan ei kreditoverføring (til dømes ei vanleg betaling frå nettbank) er sett i gang av betalaren.

Figur 1 Bruk av betalingsinstrument. Millionar betalingar. 2001–2018


NOREGS BANK MEMO
NR 1 | 2019



Kjelde: Noregs Bank

Verdien av girobetalingane var 17 572 milliardar kroner i 2018, sjå figur 2. Verdien av kortbetalingane var 867 milliardar kroner.

Figur 2 Bruk av betalingsinstrument. Milliardar kroner. 2001–2018



Kjelde: Noregs Bank

Giroar vert mellom anna nytta til å betale rekningar og betale ut lønn, medan betalingskort i første rekke vert nytta til kjøp av varer og tenester på utsalsstader. Ei typisk girobetaling er dermed mykje større enn ei typisk kortbetaling. I 2018 var den gjennomsnittlege girobetalinga på 22 921 kroner, medan den gjennomsnittlege kortbetalinga var på 351 kroner.


Girobetalingar frå personkundar

På figur 3 er girobetalingane frå personkundar viste. Det har lenge vore ein auke i talet på overføringer i nettbank og i talet på direkte debiteringar (AvtaleGiro). Dette er dei mest brukte overføringstenestene for personkundar.

Omfangen av Brevgiro og telegiro har minka for kvart år, og det er no relativt lite brukte løysingar. Brevgiro vart i 2018 til saman nytta 5,8 millionar gonger og telegiro 3,6 millionar gonger.

Figur 3 Girobetalingar frå personkundar. Millionar betalingar. 2001–2018

NOREGS BANK MEMO
NR 1 | 2019



Kjelde: Noregs Bank

Straksbetalingar er betalingar frå bankkontoen til ein personkunde til bankkontoen til ein annan personkunde gjennom ein eigen betalingsinfrastruktur som vert drifta av Nets. Mottakaren kan disponere midlane nokre få sekund etter at betalaren har initiert betalinga. I 2017 vart det utført om lag éin million Straksbetalingar, medan talet i 2018 hadde auka til 58 millionar. Det aller meste av dette var Straksbetalingar gjennom mobilbetalingsløysinga Vipps, sjå tabell 9 i vedlegg. Verdien av Straksbetalingane i 2018 var 45 milliardar kroner, sjå tabell 13 i vedlegg.

Direkte debiteringar og elektronisk faktura

Både mottakaren og betalaren må ha avtale med banken for at det skal kunne gjennomførast ei direkte debitering. Ved utgangen av 2018 fanst det 20 millionar avtalar om direkte debiteringar mellom kundar, føretak og bankar. Til saman var det 18 408 betalingsmottakarar som tilbydde kundane sine AvtaleGiro² og 705 betalingsmottakarar som tilbydde kundane sine Autogiro³.

Direkte debiteringar kan kombinerast med elektronisk faktura. Ved utgangen av 2018 fanst det 8292 Nets-registrerte avtalar for føretak om å tilby bankane si løysing for elektronisk faktura, eFaktura til personkundar og føretakskundar. Det fanst om lag 23,5 millionar avtalar med privatpersonar og om lag 220 000 avtalar med føretak om å ta imot reknigar som eFaktura. Talet på eFaktura-avtalar med privatpersonar auka med 20 prosent frå 2017 til 2018.

I 2018 vart det sendt ut om lag 100 millionar eFakturaer frå føretak til personkundar og om lag 240 000 eFakturaer frå føretak til føretak. Veksten frå 2017 til 2018 for eFakturaer til personkundar var på 19 prosent. Det vart sendt ut noko over 90 millionar EHF-fakturaer⁴. Veksten frå 2017 til 2018 for desse var på 56 prosent.

2 Personmarknaden

3 Føretaksmarknaden

4 EHF-faktura er staten sitt format for elektronisk fakturering.

Mobilbetalingar⁵

NOREGS BANK MEMO
NR 1 | 2019

Mobile betalingsløysingar som i 2018 kunne brukast i Noreg, og som nyttar norske betalingskort eller norske bankkontoar som betalingskjelde, var Vipps, MobilePay⁶, Apple Pay og Google Pay. I statistikken er det førebels ikkje mogleg å identifisere mobilbetalingar med Apple Pay og Google Pay, og betalingar med desse løysingane inngår derfor ikkje i oversikt 1.⁷

Veksten i talet på mobilbetalingar talet har vore svært sterk (om lag 55 prosent) frå 2017 til 2018, sjå oversikt 1. I 2018 vart det utført 141 millionar mobilbetalingar. Den samla verdien av desse betalingane var 67 milliardar kroner. Den gjennomsnittlege verdien på ei mobilbetaling var dermed 474 kroner.

Oversikt 1 Mobilbetalingar i 2017 og 2018 etter betalingskjelde og etter type betaling⁸

| | Betalinger (mill.) | | Verdi (mrd. kr.) | |
|--|--------------------|-------|------------------|------|
| | 2017 | 2018 | 2017 | 2018 |
| Mobilbetalingar etter betalingskjelde | 89,9 | 131,4 | 40,3 | 62,3 |
| Betalingar direkte frå bankkonto | 30,4 | 71,2 | 14,3 | 38,9 |
| Betalingar med betalingskort | 59,5 | 60,2 | 26,0 | 23,4 |
| Mobilbetalingar etter type betaling | 91,1 | 141,3 | 39,8 | 66,9 |
| Betalingar i EFTPOS-terminalar | 0,8 | 0,0 | 0,0 | 0,0 |
| Betalingar over internett/netthandel | 3,1 | 16,9 | 0,6 | 3,2 |
| Andre betalingar til føretak og organisasjonar | 15,7 | 16,6 | 3,0 | 3,6 |
| Betalingar mellom privatpersonar | 71,6 | 107,8 | 36,2 | 60,2 |

Kjelde: Noregs Bank

I 2018 vart ein mykje større del av mobilbetalingane enn i 2017 belasta bankkonto heller enn å gå gjennom eit betalingskort. Hovudårsaka til denne endringa er at Vipps frå mars 2018 implementerte Straksbetaling som betalingskjelde, i tillegg til betalingskort og vanleg betaling frå konto (for DNB-kundar), for betalingar mellom privatpersoner. For mobilbetalingar med kort er det førebels berre nokre av dei internasjonale⁹ betalingskorta som kan nyttast som betalingskjelde. BankAxept kan enno ikkje nyttast.

Dei aller fleste mobilbetalingane, om lag 75 prosent, var betalingar mellom privatpersonar, såkalla venebetalingar.

5 Med mobilbetaling meiner vi her ei betaling med eit betalingsinstrument som fungerer gjennom ein applikasjon i ein mobiltelefon. Applikasjonen er gjerne utvikla for å kunne nyttast i fleire ulike betalingssituasjonar, slik som betaling i butikk, netthandel og betalingar mellom privatpersonar. Betalinga kan skje anten med eit betalingskort eller direkte frå ein bankkonto.

6 Avvikla frå 11. januar 2018

7 Truleg vil betalingar med Apple Pay og Google Pay kunne skiljast ut og identifiserast i statistikken frå og med neste år. I statistikken for 2018 inngår desse betalingane som kontaktlause kortbetalingar.

8 Mobilbetalingar etter betalingskjelde er rapporterte av bankar og kortutferdarar, medan mobilbetalingar etter type betaling er rapporterte av systemeigarane. Det kan derfor vere avvik mellom desse tala. For 2018 er avviket særleg stort. Det kan vere at nokre av tala for mobilbetalingar med betalingskort som betalingskjelde heller har vorte rapporterte som internettbetalingar til norske nettstader.

9 I den vidare teksten vert omgrepet *internasjonale kort* nyttta om norske betalingskort som er utferda av, eller på lisens frå, internasjonale kortselskap. Det omfattar Visa, Mastercard, American Express og Diners Club.

2 Korttransaksjonar

NOREGS BANK MEMO
NR 1 | 2019


I 2018 vart det gjort 2470 millionar betalingar og 47 millionar reine kontantuttak¹⁰ med norske betalingskort, til saman 2517 millionar korttransaksjonar, sjå tabell 10a i vedlegget.

Betalingar i fysiske betalingsterminalar utgjorde 2116 millionar av kortbetalingane. 103 millionar (4,5 prosent) av desse vart gjorde kontaktlaust.^{11 12} Talet på kontaktlause betalingar vil truleg halde fram å stige i åra framover, ettersom ein stadig større del av korta og terminalane vert lagde til rette for å kunne utføre og ta imot slike betalingar, og etter kvart som betalarane vert meir merksame på denne måten å betale på. Den gjennomsnittlege verdien på dei kontaktlause betalingane i 2018 var 164 kroner.

Mobilbetalingar med kort og kortbetalingar knytte til internethandel utgjorde høvesvis 2,4 og 11,8 prosent av dei samla kortbetalingane (60 og 292 millionar).

I gjennomsnitt brukte kvar innbyggjar betalingskort (til betalingar og kontantuttak) 475 gonger i 2018, sjå figur 4. Den gjennomsnittlege verdien på korttransaksjonane har halde fram med å falle, og var i 2018 på 382 kroner.

Figur 4 Talet på korttransaksjonar per innbyggjar per år og verdi per korttransaksjon i kroner. 2001–2018



Kjelde: Noregs Bank

Talet på betalingskort

Ved utgangen av 2018 var det totalt utferda 14,6 millionar norske betalingskort, sjå oversikt 2.

Den vanlegaste korttypen er dei korta som kombinerer BankAxept med eit internasjonalt debetkort (som regel Visa eller Mastercard), sjå oversikt 2. 47 prosent av dei utferda korta er av denne typen. Den nest vanlegaste korttypen er dei internasjonale

10 I minibank og i skranke (med kort). Kontantuttak i samband med betalingar vert registrerte som betalingar. I 2018 gjaldt det 25 millionar betalingar.

11 Ved kontaktlause betalingar under eit visst beløp treng ikkje betalaren godkjenne betalinga med pin-kode. Det er tilstrekkeleg å halde kortet nær terminalen.

12 Eit knapt fleirtal av dei kontaktlause betalingane skjedde med internasjonale kort, i hovudsak Visa og Mastercard. 41 millionar (om lag 40 prosent) av dei kontaktlause betalingane vart gjorde med BankAxept.

kredittkarta. Desse utgjer 43 prosent av korta. Dei andre korttypane utgjer berre låge prosentdelar av den totale kortmengda.

NOREGS BANK MEMO
NR 1 | 2019

Oversikt 2 Talet på utferda norske betalingskort ved utgangen av perioden (i tusen)^{13 14}

| Type kort | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Kombinerte BankAxept/internasjonale debetkort | 8 175 | 8 290 | 8 941 | 6 890 |
| Internasjonale kredittkort | 5 036 | 5 148 | 5 503 | 6 268 |
| Kombinerte internasjonale/nasjonale kredittkort | 540 | 611 | 629 | 580 |
| Internasjonale faktureringskort | 450 | 431 | 357 | 404 |
| Ikkje-kombinerte BankAxept-kort | 157 | 148 | 127 | 116 |
| Andre debet- og kredittkort ¹ | 68 | 87 | 103 | 291 |
| E-pengetkort | 278 | 127 | 94 | 64 |
| Totalt | 14 704 | 14 841 | 15 755 | 14 613 |

1 Kombinerte BankAxept debetkort og nasjonale kredittkort, kombinerte BankAxept kredittkort og internasjonale kredittkort, nasjonale kredittkort og internasjonale kredittkort i mobiltelefon.

Kjelde: Noregs Bank

Korttransaksjonar etter utfendar og funksjon

I 2018 vart 68 prosent av alle transaksjonane med norske kort gjorde med debetkort-systemet BankAxept, sjå figur 5. Dette utgjorde 1708 millionar transaksjonar, og veksten frå 2017 til 2018 var på 4,2 prosent.

Marknadsdelen til BankAxept har falle med om lag ti prosenteiningar dei siste fem åra. Fallet heng saman med sterkt vekst i netthandelen og i mobilbetalingar med kort. Ved slike betalingar lyt ein nytte internasjonale kort. BankAxept-systemet kan førebels ikkje nyttast.

Det vart gjort 803 millionar transaksjonar med internasjonale kort i 2018. Veksten frå 2017 til 2018 var på 11,8 prosent. Marknadsdelen til desse korta var 32 prosent. Også i 2018 var det bruken av internasjonale debetkort som auka sterkest, med ein vekst i talet på transaksjonar på 13,5 prosent samanlikna med 2017.

Veksten for dei internasjonale korta minka nok i 2018 samanlikna med tidlegare år. Årsaka er truleg i første rekke at ein større del av mobilbetalingane skjedde direkte frå bankkonto (i hovudsak Straksbetalingar) i staden for ved bruk av internasjonale betalingskort.

13 *Debetkort:* Betalingskort som gjer det mogleg for eigaren av kortet å disponere innskot og kredit på bankkontoen som kortet er knytt til. Brukaren sin konto vert belasta kvar gong kortet vert brukt.


Kredittkort: Betalingskort med kredit som kan avtalast nedbetalt uavhengig av kva tid kortet vert brukt.

Faktureringskort: Brukaren av kortet tek med visse tidsintervall imot ein samlefaktura som vert betalt under eitt.

14 Endringane frå 2017 til 2018 skuldast til dels endringar i rapporteringa og er ikkje nødvendigvis uttrykk for reelle endringar i talet på utferda kort.

**Figur 5 Bruk av norske betalingskort etter utferdar og funksjon.
Millionar transaksjonar. 2001–2018**

NOREGS BANK MEMO
NR 1 | 2019




Kjelde: Noregs Bank

Verdien av BankAxept-transaksjonane i 2018 summerte seg til 587 milliardar kroner, sjå figur 6. Verdien auka med 0,6 prosent frå 2017 til 2018. BankAxept-transaksjonane stod for 61 prosent av den samla verdien av korttransaksjonane.

Verdien av transaksjonane med internasjonale kort var 365 milliardar kroner i 2018. Verdien vokste med 3,3 prosent siste året.

Den gjennomsnittlege storleiken på transaksjonane var 344 kroner med BankAxept-kort, 347 kroner med internasjonale debetkort og 616 kroner med internasjonale kredittkort.

**Figur 6 Bruk av norske betalingskort etter utferdar og funksjon.
Milliardar kroner. 2001–2018**



Kjelde: Noregs Bank


Kortbetalingar over internett (netthandel)

NOREGS BANK MEMO
NR 1 | 2019

Figur 7 syner at det har vore ein sterk vekst i betalingar for handel over internett dei siste åra. I 2018 vart det gjort til saman 292 millionar internettbetalingar med norske kort. Betalingar til norske og utanlandske nettstader utgjer om lag halvdelen kvar av dei samla betalingane for internethandel.

Betalingane til norske nettstader auka med heile 43,5 prosent frå 2017 til 2018, medan betalingane til utanlandske nettstader auka med 13,9 prosent.¹⁵

Figur 7 Betalingar over internett med norske betalingskort. 2007–2018



Kjelde: Noregs Bank

Den samla verdien av betalingane over internett var 131 milliardar kroner i 2018. Verdien av internettbetalingane vokser ikkje like raskt som talet på slike betalingar. Den gjennomsnittlege verdien fall frå 489 kroner i 2017 til 449 kroner i 2018.


Utlendingar handlar mindre i norske nettbutikkar enn nordmenn gjer i utanlandske nettbutikkar. Utlendingar stod for 9,8 millionar slike handlar, med ein samla verdi på 20,3 milliardar kroner. Både talet på handlar og den samla verdien på desse handlane fall frå 2017 til 2018.

Betalingar over internett utgjer ein stadig større del av dei totale betalingane gjorde med norske betalingskort. Figur 8 viser at betalingane over internett i 2018 utgjorde 11,8 prosent av alle betalingar med norske kort. Målt i verdi utgjorde internett-betalingane 15,1 prosent av alle kortbetalingane.

¹⁵ Vi er noko usikre på dei rapporterte tala for internettbetalingar til norske nettstader. Det kan vere at nokre av desse betalingane i staden er mobilbetalingar med betalingskort som betalingskjelde. Sjå òg fotnote 9.

Figur 8 Betalingar over internett som prosentdel av alle betalingar med norske kort. 2007–2018

NOREGS BANK MEMO
NR 1 | 2019




Kjelde: Noregs Bank

Korttransaksjonar i utlandet

Figur 9 viser den samla bruken av norske betalingskort i utlandet, både på fysiske brukarstader og over internett. Til saman vart det gjort 324 millionar transaksjonar med kort i eller til utlandet. 311 millionar av desse var ulike betalingar, medan 13 millionar var kontantuttak. Talet på betalingar auka med 10,5 prosent frå 2017 til 2018. Kontantuttaka vart reduserte med 3,8 prosent.

Auken i talet på betalingar i utlandet var nokolunde jamt fordelt mellom auke i betalingar over internett og auke i betalingar ved fysiske brukarstader i utlandet. Talet på betalingar på utanlandske brukarstader auka frå 147 til 158 millionar.

Figur 9 Bruk av norske betalingskort i utlandet. 2001–2018




Kjelde: Noregs Bank

Verdien av kortbruken i utlandet i 2018 summerte seg til 160 milliardar kroner. Verdien av betalingane var 138 milliardar kroner, medan verdien av kontantuttaka utgjorde 22 milliardar kroner. Den gjennomsnittlege storleiken på kontantuttak i utlandet i 2018 motsvarte verdien av 1746 norske kroner. Den gjennomsnittlege storleiken på varekjøp på fysiske brukarstader i utlandet motsvarte verdien av 443 norske kroner.

I hovudsak er det internasjonale kort som vert nytta til korttransaksjonar i utlandet. For 2018 syner statistikken at internasjonale debetkort vart nytta i dei aller fleste av tilfella, om lag tre firedelar. Internasjonale kredittkort vart nytta i dei fleste av dei attverande tilfella.

Figur 10 viser at Noreg er mellom dei landa der folk bruker kort oftast for å betale for varer og tenester. I Noreg betaler kvar innbyggjar i gjennomsnitt med kort meir enn ein gong dagleg. I andre enden av skalaen finn vi mellom anna Tyskland og fleire av middelhavslanda. I gjennomsnitt betaler kvar tyskar med betalingskort om lag ein gong i veka.

Figur 10 Kortbetalingar per innbyggjar per år i utvalde land. 2017



Kjelder: BIS, ESB, Sedlabanki Islands og Noregs Bank

3 Kontant- og betalingsinfrastrukturen


Ein brukar kan få tak i kontantar i bankfilialar, i minibankar og i butikkar. Figur 11 viser talet på uttak av kontantar frå minibank og ved varekjøp (cash-back) og verdien av desse uttaka.¹⁶ I 2018 vart det gjort 35 millionar uttak frå minibankar i Noreg. Det var 13,9 prosent færre uttak enn i 2017. Verdien av uttaka frå minibankar summerte seg til 62 milliardar kroner i 2018, 12,4 prosent mindre enn i 2017.

Det vart gjort 25 millionar uttak av kontantar i samband med varekjøp i 2018. Det var 18,3 prosent færre uttak enn i 2017. Verdien av uttaka som vart gjorde i samband med varekjøp, var 12 milliardar kroner i 2018. Det var 19,3 prosent lågare enn i 2017.

Nedgangen i uttak av kontantar frå minibankar og i butikkar er ikkje av ny dato, men har vore særskild høg dei seinaste åra.

Det gjennomsnittlege uttaket frå norske minibankar var 1746 kroner i 2018, medan det gjennomsnittlege uttaket ved varekjøp var 478 kroner.


16 Det finst ikkje statistikk for uttak av kontantar i bankfilialar.

Figur 11 Uttak av kontantar frå minibank og ved varekjøp. 2001–2018NOREGS BANK MEMO
NR 1 | 2019

Kjelde: Noregs Bank

Talet på minibankar minka vidare og fall frå 1580 i 2017 til 1510 i 2018, sjå figur 12. Det er bankane sjølv som eig dei fleste av minibankane, men også kontanthand-samingsselskapet Nokas og Loomis eig minibankar. Nokas og Loomis står for den daglege drifta både av sine eigne minibankar og av dei fleste av dei minibankane bankane eig.

Talet på betalingsterminalar på handelsstader auka vidare. Ved utgangen av 2018 var det utplassert til saman 161 709 betalingsterminalar.

Figur 12 Talet på betalingsterminalar og minibankar. 2001–2018


Kjelde: Noregs Bank

I 2018 vart kvar minibank i gjennomsnitt nytta til 23 476 kontantuttak, sjå figur 13. Det svarer til 64 uttak per dag i gjennomsnitt. Frå kvar minibank vart det i gjennom-snitt teke ut 41 millionar kroner i 2018. Det svarer til om lag 112 000 kroner per dag i gjennomsnitt.

Kvar betalingsterminal vart i gjennomsnitt nytta 12 353 gonger i 2018, eller 34 gonger dagleg.

Figur 13 Bruken av betalingsterminalar og minibankar per år. 2001–2018

NOREGS BANK MEMO
NR 1 | 2019




Kjelde: Noregs Bank

4 Kontantar i omløp

Talet på kontantar i omløp seier ikkje nødvendigvis noko om omfanget av kontantbetalingar. Kontantar kan nyttast både til betalingar og til verdioppbevaring. Ein setel eller mynt kan gjerne nyttast berre til verdioppbevaring og ikkje til betaling i det heile. Motsett kan ein setel eller mynt òg godt nyttast til mange betalingar i eit år.

Verdien av kontantar i omløp låg lenge relativt stabilt på kring 45 milliardar kroner, sjå figur 14. Men sidan midten av 2016 har verdien av kontantane minka i høve til dei same periodane i tidlegare år. Ved utgangen av 2018 utgjorde kontantane i omløp blant publikum 41,7 milliardar kroner.¹⁷

Figur 14 Kontantar i omløp blant publikum. I milliardar kroner.
Januar 2008 – desember 2018




Kjelde: Statistisk sentralbyrå

¹⁷ I tillegg til dei kontantane publikum har, held også bankane seg med kontantar. Ved utgangen av 2018 utgjorde bankane si behaldning av kontantar om lag 3,1 milliardar kroner. Dette er kontantar som mellom anna ligg lagra i minibankar, filialar og bankane sine depot.

Som del av den smale pengemengda (M1¹⁸) fall kontantdelen frå 2,3 prosent ved utgangen av 2017 til 2,0 prosent ved utgangen av 2018, sjå figur 15. Som del av BNP for Fastlands-Noreg utgjorde kontantane 1,4 prosent i 2018. Denne prosentdelen har falle jamleg i heile perioden.


Figur 15 Kontantar i omløp som prosentdel av betalingsmiddel (M1), konsumet i hushalda og BNP for Fastlands-Noreg. 2001–2018



Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

Tala for Noreg er låge i ein internasjonal samanheng, sjå figur 16. Også i dei andre nordiske landa og i Storbritannia er kontantdelen låg. I motsett ende finn vi USA, der kontantar i omløp utgjer nær halvparten av den samla pengemengda. Ei årsak til dette er at amerikanske setlar og myntar blir mykje nytta også i mange andre land enn USA. Med unntak av Island har kontantdelen falle det siste året i alle dei landa som er med på figuren.

Figur 16 Kontantar i omløp som prosentdel av betalingsmiddel i utvalde land. 2016, 2017 og 2018 (Norden)



Kjelder: BIS, Danmarks Nationalbank, ESB, Sedlabanki Islands, Statistisk sentralbyrå, Statistiska Centralbyrån og Noregs Bank

18 M1 er det smale pengemengdomgrepet. Det er pengar som publikum held og som er tilgjengelege for å verte nytta med det same. M1 omfattar innskot på transaksjonskontoar og kontantar. Definisjonen av M1 vart endra i 2015 og ført til eit brot i statistikken.

BRUKEN AV KONTANTAR I NOREG


Noregs Bank gjennomfører halvårlege spørjeundersøkingar blant hushalda om deira bruk av kontantar. I spørjeundersøkingane kartlegger vi dei betalings-situasjonane der det faktisk er mogleg å betale med kontantar. Det gjeld i hovudsak betalingar til andre privatpersonar og betalingar når ein kjøper varer og tenester på ein utsalsstad¹⁹. Betalingar knytte til kjøp over internett og betaling av rekningar er dermed ikkje inkluderte i undersøkingane eller dei framlagde resultata. Deltakarane vert bedne om å gi informasjon om den *siste* betalinga dei har gjort.

Datainnsamlinga vert utført av eit eksternt marknadsanalysebyrå. 2000 personar over 15 år²⁰ vert spurde i kvar runde, og det vert nytta både telefonintervju og internettbaserte undersøkingar. Utvala i undersøkingane er representative for befolkninga. At eit utval er representativt, tyder at samansetjinga i utvalet er tilnærma identisk med samansetjinga i befolkninga som heilskap når det gjeld sentrale variablar, til dømes kjønn, alder og bustad. Dette sikrar at resultata frå ei spørjeundersøking kan generaliserast til å gjelde heile befolkninga. Samstundes er det grunn til å trekke fram at det alltid vil vere uvisse knytt til resultata frå utvalsundersøkingar av dette slaget, og dessutan at resultata vil kunne svinge ein del frå undersøking til undersøking.

Hovudresultat frå undersøkingane

I den seinaste undersøkinga stod kontantane for 9 prosent av dei samla betalingane på utsalsstader og mellom privatpersonar, sjå figur 17. Kontantbruken utgjorde 9 prosent ved betalingar på utsalsstader og 8 prosent ved betalingar mellom privatpersonar.

Figur 17 Talet på kontantbetalingar i prosent av det totale talet på betalingar




Kjelde: Noregs Bank

19 Utsalsstader inkluderer butikkar, restaurantar, vareautomatar, frisørar, offentleg kommunikasjon osv.

20 Nedre aldersgrense i telefonundersøkinga. Nedre aldersgrense i internettundersøkinga var 18 år.

Verdien av kontantbetalingane som del av total verdi av betalingane varierer meir enn talet på kontantbetalingar som del av det totale talet på betalingar. I denne undersøkinga stod verdien av kontantbetalingane for 8 prosent av den samla verdien av betalingar, sjå figur 18. Verdien av kontantbetalingane utgjorde 6 prosent av verdien av betalingane på utsalsstader og 11 prosent av verdien av betalingane mellom privatpersonar.

Figur 18 Verdi av kontantbetalingar i prosent av total verdi av betalingane



Kjelde: Noregs Bank

På utsalsstader kan ein velje å betale

- med kontantar
- med betalingskort (debit, kredit eller førehandsbetalt)
- med mobiltelefon (til dømes Vipps, Apple Pay og Google Pay)
- på annan måte (til dømes faktura)


Betalingskort er den klart mest brukte betalingsmåten på utsalsstader, med 85 prosent av betalingane, sjå figur 19. Betalingar med kontantar utgjorde, som tidlegare nemnt, 9 prosent, medan betaling med mobiltelefon utgjorde 4 prosent av betalingane.

Til andre privatpersonar kan ein velje å betale

- med kontantar
- med mobiltelefon (i hovudsak Vipps)
- med nettbank/mobilbank
- på annan måte

Betalingar med mobiltelefon stod for 70 prosent av betalingane mellom privatpersonar. Overføring i nettbank og mobilbank var den nest mest populære betalingsmåten og utgjorde 20 prosent av betalingane mellom privatpersonar. Betalingar med kontantar utgjorde, som tidlegare nemnt, 8 prosent av desse betalingane.

Figur 19 Betalingsmåtar i ulike betalingssituasjoner. Vår 2019



Kjelde: Noregs Bank

5 Prisar i betalingsformidlinga

NOREGS BANK MEMO
NR 1 | 2019

Oversikt 3 gir informasjon om prisar for ulike bank- og korttenester. Prisane er gjennomgåande lågare for kundar som er med i bankane sine kundeprogram, enn for dei som står utanfor slike program.

Prisane for betaling av rekningar varierer mykje mellom dei ulike betalingsformene. Papirbaserte og manuelle betalingstenester er klart dyrast og held fram med å stige i pris. Prisen på betaling av giro med kontantar i skranke ligg no på 107 kroner både for programkundar og for andre kundar. Betalingar med AvtaleGiro eller frå nettbank med KID er stort sett gratis for programkundar, men kostar 80 øre for andre kundar.

Ved inngangen til 2019 var gjennomsnittleg årsavgift for BankAxept-kort kombinert med eit internasjonalt kort (Visa eller Mastercard) 232 kroner for kundar innanfor kundeprogram og 283 kroner for kundar som står utanfor slike program. Gjennomsnittsprisen på eit varekjøp med BankAxept var 10 øre for kundar i program og 90 øre for kundar utanfor program.

Prisane for å ta ut pengar frå minibankar har stige også det siste året. Eit uttak med debetkort i opningstida frå ein minibank som høyrer til eigen bank, kostar no i gjennomsnitt 5,60 kroner. For eit par år sidan var slike tenester stort sett gratis. Uttak med debetkort frå minibankar som høyrer til andre bankar, kostar i opnings-tida 7,40 kroner i eit kundeprogram og 7,80 kroner utanfor eit kundeprogram. Uttak med internasjonale kredittkort kostar 22,20 kroner innanfor eit kundeprogram og 30,70 kroner utanfor eit kundeprogram. I tillegg kjem eit gebyr på noko over éin prosent av uttaksbeløpet.

Oversikt 3 Prisar på innanlandske betalingstransaksjonar og kontantuttak for personkundar. Vekta gjennomsnittsprisar per 1. januar

NOREGS BANK MEMO
NR 1 | 2019

| | Ikke programkundar | | | Programkundar | | |
|--|--------------------|--------|--------|---------------|--------|--------|
| | 2017 | 2018 | 2019 | 2017 | 2018 | 2019 |
| Betalingstransaksjonar | | | | | | |
| Nettbank med KID, pris per betaling | 0,90 | 0,90 | 0,80 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Nettbank, årsavgift | 14,10 | 14,40 | 14,50 | 1,30 | 1,40 | 2,30 |
| AvtaleGiro, pris per betaling | 0,90 | 1,00 | 0,80 | 0,10 | 0,10 | 0,10 |
| Mobilbank med KID, pris per betaling | 0,90 | 1,00 | 0,80 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Mobilbank – overføringer mellom eigne kontoar | 0,10 | 0,30 | 0,10 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Mobilbank – SMS-info | 2,00 | 2,10 | 2,20 | 1,80 | 1,90 | 1,90 |
| Brevgiro, pris per betaling | 11,00 | 11,30 | 12,10 | 11,10 | 11,20 | 12,10 |
| Giro over skranke frå konto, pris per betaling | 80,60 | 85,80 | 98,20 | 80,00 | 87,50 | 98,20 |
| Giro over skranke med kontant betaling, pris per betaling | 99,70 | 99,20 | 107,40 | 102,70 | 100,20 | 107,40 |
| BankAzept-kort i betalingsterminal, per betaling | 0,90 | 1,00 | 0,90 | 0,00 | 0,10 | 0,10 |
| Årspris for internasjonale kredittkort | 57,80 | 56,60 | 32,40 | 32,40 | 32,20 | 25,20 |
| Årspris for BankAzept (kombinert med internasjonalt debetkort) | 275,80 | 276,70 | 282,50 | 208,60 | 234,00 | 231,80 |
| Minibankuttak med debetkort | | | | | | |
| Eigen minibank i opningstida, pris per uttak | 0,20 | 5,50 | 5,60 | 0,00 | 5,50 | 5,90 |
| Eigen minibank utanom opningstida, pris per uttak | 4,80 | 5,90 | 6,00 | 4,20 | 5,60 | 6,00 |
| Andre bankar sine minibankar i opningstida, pris per uttak | 6,90 | 7,30 | 7,80 | 6,50 | 7,30 | 7,40 |
| Minibankuttak med internasjonale kredittkort | | | | | | |
| Eigen minibank i opningstida, pris per uttak | 24,80 | 28,60 | 30,70 | 17,50 | 20,40 | 22,20 |
| Andre bankar sine minibankar i opningstida, pris per uttak | 24,90 | 28,70 | 30,70 | 17,50 | 20,40 | 22,20 |
| Påslag i prosent av uttaket | 1,3 | 1,0 | 1,3 | 1,1 | 1,1 | 1,2 |

Kjelder: Finansportalen og Noregs Bank

Oversikt 4 syner samanstilte prisar for pengeoverføringer til andre land. Finansportalen har prisar på pengeoverføringstenester til 29 land/regionar.²¹ Både bankar, finansielle føretak og betalingsføretak tilbyr overføring av pengar til desse landa. Prisen på overføringa er avhengig av fleire faktorar. Målt i prosent av overføringsbeløpet fell prisen med storleiken på beløpet. Overføring ved personleg frammøte er mykje dyrare enn overføringer over internett. Dette gjeld særleg i bankar, men også når betalinga går gjennom eit finansielt føretak eller betalingsføretak. Gebyra består av valutamargin og andre gebyr, der andre gebyr kan innehalde både ein fast del og ein del som er avhengig av storleiken på beløpet. Gebyra bankane tek for overføringer har vorte noko lågare, medan gebyra hos dei andre aktørane har stege noko. Endringane skuldast i første rekke endringar i valutamarginane.

21 Afghanistan, Bosnia-Herzegovina, Brasil, Chile, Eritrea, Etiopia, EU/EØS, Filippinane, Gambia, Ghana, India, Irak, Kina, Kosovo, Latvia, Litauen, Makedonia, Marokko, Nigeria, Pakistan, Palestina, Polen, Romania, Russland, Serbia, Sri Lanka, Thailand, Tyrkia og Vietnam

Oversikt 4 Prisar for pengeoverføringer til eit utval land/regionar.
Bankar og andre aktørar. I prosent av overføringsbeløp. Per 1. januar 2018 og 2019

NOREGS BANK MEMO
 NR 1 | 2019


| | Personleg frammøte | | | | Betalingsoppdrag over internett | | | |
|--|--------------------|-------------|--------------|-------------|---------------------------------|------------|--------------|------------|
| | 1 000 kroner | | 5 000 kroner | | 1 000 kroner | | 5 000 kroner | |
| | 2018 | 2019 | 2018 | 2019 | 2018 | 2019 | 2018 | 2019 |
| Bankar | 28,6 | 28,4 | 6,6 | 6,4 | 5,8 | 5,6 | 2,0 | 1,8 |
| Valutamargin | 1,1 | 0,9 | 1,1 | 0,9 | 1,0 | 0,8 | 1,0 | 0,8 |
| Andre gebyr | 27,5 | 27,5 | 5,5 | 5,5 | 4,8 | 4,8 | 1,0 | 1,0 |
| Finansielle føretak og betalingsføretak | 12,1 | 12,6 | 10,2 | 10,8 | 5,7 | 5,9 | 4,2 | 4,5 |
| Valutamargin | 5,0 | 5,5 | 5,0 | 5,5 | 2,7 | 3,3 | 2,7 | 3,3 |
| Andre gebyr | 7,1 | 7,1 | 5,2 | 5,2 | 3,0 | 2,7 | 1,5 | 1,2 |
| Alle aktørar | 23,1 | 23,2 | 7,8 | 7,9 | 5,8 | 5,7 | 3,0 | 3,1 |
| Valutamargin | 2,4 | 2,5 | 2,4 | 2,5 | 1,8 | 2,0 | 1,8 | 2,0 |
| Andre gebyr | 20,7 | 20,7 | 5,4 | 5,4 | 4,0 | 3,7 | 1,2 | 1,1 |

Kjelder: Finansportalen og Noregs Bank

6 Bankane sine inntekter frå betalingsformidling

Bankane sine inntekter frå betalingsformidling utgjorde 8,8 milliardar kroner i 2018, sjå figur 20. Inntektene auka med 8 prosent frå 2017 til 2018. Inntektene frå bruk av betalingskort som del av dei samla inntektene frå betalingsformidling heldt seg stabil på 56 prosent i 2018.

Figur 20 Inntekter til bankane frå betalingsformidling og netto rente- og provisjonsinntekter. Milliardar kroner. 2005–2018



Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank

Generelle data

Tabell 1: Overordna data for Noreg

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|--|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Folketal (per 1. jan., millionar) | 4,75 | 4,81 | 4,87 | 4,92 | 4,99 | 5,05 | 5,11 | 5,17 | 5,21 | 5,26 | 5,30 |
| BNP, marknadsverdi (milliardar kroner) | 2 609 | 2 431 | 2 594 | 2 796 | 2 968 | 3 076 | 3 147 | 3 118 | 3 119 | 3 304 | 3 537 |
| BNP Fastlands-Noreg, marknadsverdi (milliardar kroner) | 1 943 | 1 965 | 2 074 | 2 158 | 2 295 | 2 419 | 2 533 | 2 621 | 2 713 | 2 798 | 2 908 |
| Forbruket i hushalda (milliardar kroner) | 956 | 978 | 1 038 | 1 072 | 1 121 | 1 175 | 1 224 | 1 281 | 1 336 | 1 392 | 1 447 |
| Kurs mot euro (årsjennomsnitt) | 8,22 | 8,73 | 8,01 | 7,79 | 7,47 | 7,81 | 8,35 | 8,95 | 9,29 | 9,33 | 9,60 |

Betalingsmiddel i Noreg

Tabell 2: Betalingsmiddel disponerte av publikum. Ved årsslutt (millionar kroner)

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|--------------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Pengemengda (M2) | 1 374 095 | 1 416 088 | 1 507 041 | 1 593 137 | 1 671 765 | 1 793 673 | 1 907 974 | 1 920 065 | 2 017 427 | 2 138 664 | 2 252 576 |
| Betalingsmiddel i alt (M1) | 729 838 | 737 822 | 784 613 | 824 760 | 820 075 | 874 546 | 910 322 | 1 766 857 | 1 842 654 | 1 944 698 | 2 096 761 |
| Setlar og myntar | 49 132 | 48 401 | 48 721 | 48 980 | 48 403 | 48 454 | 47 880 | 48 508 | 46 665 | 44 906 | 41 739 |
| Innskot på transaksjonskontoar | 680 706 | 689 421 | 735 892 | 775 780 | 771 672 | 826 092 | 862 442 | 1 718 349 | 1 795 989 | 1 899 792 | 2 055 022 |
| Andre innskot | 644 257 | 678 266 | 722 428 | 768 377 | 851 690 | 919 127 | 997 652 | 153 208 | 174 773 | 193 966 | 155 814 |

Tabell 3: Likviditeten i banksystemet. Årsjennomsnitt (millionar kroner)

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|--------|--------|--------|---------------------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Bankane sine folioinnskot i sentralbanken | 41 713 | 75 111 | 46 832 | 46 498 | 32 167 | 32 981 | 34 078 | 33 243 | 33 940 | 35 077 | 34 405 |
| Bankane sine innskot til reserverente i sentralbanken | - | - | - | 1 039 ¹ | 1 312 | 923 | 954 | 1 031 | 381 | 241 | 315 |
| Innskot til sentralbanken (F-innskot) | - | - | - | 26 344 ¹ | 11 402 | 9 527 | 28 744 | 22 778 | 8 814 | 28 199 | 15 984 |
| Utlån frå sentralbanken (F-lån + D-lån) | 67 515 | 66 242 | 72 759 | 32 351 | 15 352 | 15 806 | 5 147 | 6 142 | 16 916 | 2 714 | 12 956 |

¹ Gjennomsnitt frå 3. oktober 2011

Tabell 4: Verdien av setlar og myntar i omløp. Års gjennomsnitt (millionar kroner)

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| I alt | 50 413 | 50 356 | 50 450 | 50 315 | 51 179 | 49 762 | 49 352 | 50 068 | 49 241 | 46 963 | 43 828 |
| Setlar i alt | 45 838 | 45 704 | 45 676 | 45 463 | 46 379 | 45 509 | 44 995 | 45 605 | 44 726 | 42 427 | 39 354 |
| 1000-kronesetlar | 25 371 | 24 382 | 23 134 | 21 678 | 21 180 | 19 798 | 18 712 | 17 947 | 17 029 | 15 627 | 14 013 |
| 500-kronesetlar | 11 882 | 12 722 | 13 623 | 14 542 | 15 633 | 16 306 | 17 101 | 18 355 | 18 445 | 17 689 | 16 567 |
| 200-kronesetlar | 5 522 | 5 580 | 5 846 | 6 103 | 6 335 | 6 251 | 6 033 | 6 056 | 5 963 | 5 830 | 5 612 |
| 100-kronesetlar | 2 083 | 2 029 | 2 062 | 2 099 | 2 149 | 2 118 | 2 096 | 2 154 | 2 172 | 2 161 | 2 067 |
| 50-kronesetlar | 980 | 993 | 1 012 | 1 041 | 1 080 | 1 036 | 1 054 | 1 093 | 1 116 | 1 119 | 1 095 |
| Myntar i alt | 4 575 | 4 653 | 4 774 | 4 853 | 4 801 | 4 254 | 4 357 | 4 463 | 4 515 | 4 536 | 4 474 |
| 20-kronemyntar | 1 541 | 1 556 | 1 599 | 1 629 | 1 638 | 1 679 | 1 715 | 1 760 | 1 775 | 1 775 | 1 746 |
| 10-kronemyntar | 1 259 | 1 276 | 1 307 | 1 323 | 1 317 | 1 150 | 1 174 | 1 194 | 1 201 | 1 205 | 1 180 |
| 5-kronemyntar | 654 | 664 | 674 | 679 | 662 | 502 | 515 | 529 | 539 | 542 | 534 |
| 1-kronemyntar | 884 | 912 | 941 | 962 | 943 | 767 | 799 | 826 | 847 | 861 | 862 |
| 50-øremyntar | 237 | 245 | 253 | 260 | 241 | 156 | 155 | 154 | 154 | 153 | 153 |

Betalingsinfrastruktur

Tabell 5: Institusjonell infrastruktur

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Talet på bankar | 149 | 149 | 145 | 142 | 138 | 137 | 137 | 134 | 137 | 136 | 141 |
| Sparebankar | 121 | 118 | 113 | 111 | 109 | 107 | 106 | 104 | 104 | 99 | 98 |
| Forretningsbankar | 18 | 20 | 20 | 19 | 17 | 18 | 19 | 20 | 23 | 25 | 29 |
| Talet på filialar av utanlandske bankar i Noreg | 10 | 11 | 12 | 12 | 12 | 12 | 12 | 10 | 10 | 12 | 14 |
| E-pengeføretak | 3 | 3 | 3 | 3 | 2 | 2 | 3 | 4 | 6 | 6 | 6 |

Tabell 6: Talet på avtalar

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|--|-----------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|
| Avtalar om nettbank og mobilbank | 4 841 244 | 5 251 874 | 5 496 535 | 5 712 911 | 6 020 427 | 6 317 283 | 7 259 134 | 7 889 444 | 8 427 064 | 8 780 020 | 8 677 815 |
| Personkundar | 4 471 351 | 4 865 720 | 5 097 505 | 5 300 353 | 5 595 545 | 5 858 058 | 6 768 015 | 7 271 093 | 7 786 587 | 8 111 439 | 7 901 252 |
| Føretakskundar | 369 893 | 386 154 | 399 030 | 412 558 | 424 882 | 459 225 | 491 119 | 618 351 | 640 477 | 668 581 | 776 563 |
| Avtalar om å tilby eFaktura til personkundar | 532 | 648 | 770 | 945 | 1 071 | 1 220 | 1 378 | 1 490 | 1 611 | 1 577 | 8 108 |
| Avtalar om å tilby eFaktura til føretakskundar | - | - | - | - | - | 132 | 123 | 125 | 129 | 131 | 125 |
| Avtalar om mottak av eFaktura – personkundar | 4 074 429 | 5 249 722 | 6 358 929 | 7 932 093 | 9 713 391 | 12 093 853 | 15 304 127 | 14 547 500 | 17 447 887 | 19 581 987 | 23 489 647 |
| Avtalar om mottak av eFaktura – føretakskundar | - | - | - | - | - | 58 278 | 84 126 | 293 004 | 154 165 | 183 602 | 208 359 |
| Avtalar om mottak av elektronisk faktura i EHF-format | - | - | - | - | - | 2 005 | 7 760 | 31 064 | 48 927 | 65 218 | 96 158 |
| Avtalar om bedriftsterminalgiro | 29 127 | 32 983 | 33 466 | 26 153 | 15 129 | 15 963 | 16 534 | 18 362 | 22 193 | 27 822 | 33 530 |
| Avtalar om Brevgiro | 906 957 | 810 818 | 759 995 | 723 867 | 681 023 | 626 342 | 596 126 | 508 134 | 461 177 | 343 855 | 302 542 |
| Avtalar om faste betalingsoppdrag (AvtaleGiro og Autogiro) | 9 523 732 | 10 707 639 | 11 933 080 | 13 162 659 | 14 393 988 | 15 597 964 | 17 218 355 | 18 496 228 | 19 964 802 | 19 514 813 | 19 988 423 |
| AvtaleGiro – betalingsmottakarar | 11 135 | 11 945 | 12 619 | 13 130 | 13 572 | 16 417 | 15 520 | 15 940 | 16 215 | 17 627 | 18 408 |
| Autogiro – betalingsmottakarar | 1 170 | 1 342 | 716 | 708 | 690 | 654 | 618 | 587 | 627 | 705 | 705 |

Tabell 7: Talet på utferda kort (i tusen), talet på funksjonar i utferda kort (i tusen) og talet på terminalar

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|--|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Talet på utferda kort per 31. desember | 10 629 | 11 644 | 12 190 | 12 313 | 12 583 | 12 626 | 13 698 | 14 704 | 14 841 | 15 755 | 14 613 |
| Kontaktlause kort | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 774 | 9 688 |
| Kort med chip | 3 848 | 6 516 | 10 066 | 11 568 | 12 029 | 11 862 | 12 764 | 13 859 | 14 390 | 14 803 | 4 829 |
| Kort med magnetstripe | 6 781 | 5 127 | 2 124 | 745 | 553 | 761 | 928 | 839 | 445 | 166 | 82 |
| Virtuelle kort | - | - | - | - | - | - | 3 | 6 | 6 | 6 | 13 |
| Talet på funksjonar i utferda kort | 16 772 | 17 837 | 19 015 | 19 447 | 19 795 | 20 289 | 21 988 | 23 464 | 23 791 | 25 381 | 22 284 |
| Debetfunksjonar | 11 899 | 11 789 | 12 968 | 13 564 | 13 620 | 14 449 | 15 650 | 16 552 | 16 777 | 18 065 | 14 078 |
| BankAxept | 6 218 | 6 057 | 6 620 | 6 897 | 6 945 | 7 332 | 7 931 | 8 377 | 8 487 | 9 124 | 7 188 |
| Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap | 5 681 | 5 732 | 6 349 | 6 667 | 6 675 | 7 117 | 7 719 | 8 175 | 8 290 | 8 941 | 6 890 |
| Faktureringsfunksjonar (betalingskort utferda av internasjonale kortselskap) | 535 | 542 | 528 | 593 | 572 | 569 | 557 | 450 | 431 | 357 | 404 |
| Kredittfunksjonar | 4 338 | 5 506 | 5 519 | 5 290 | 5 603 | 5 054 | 5 504 | 6 185 | 6 456 | 6 864 | 7 739 |
| Nasjonale kredittkort | 625 | 629 | 642 | 662 | 630 | 600 | 635 | 609 | 698 | 732 | 851 |
| Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap | 3 713 | 4 877 | 4 877 | 4 628 | 4 973 | 4 454 | 4 869 | 5 577 | 5 759 | 6 132 | 6 868 |
| Innbetalingar på førehand (e-pengar) | - | - | - | - | - | 218 | 277 | 278 | 127 | 94 | 64 |
| Talet på terminalar som aksepterer BankAxept-kort | 119 953 | 122 359 | 125 684 | 130 397 | 138 034 | 141 980 | 149 817 | 154 707 | 156 891 | 162 585 | 163 219 |
| Minibankar | 2 283 | 2 253 | 2 193 | 2 194 | 2 157 | 2 096 | 2 033 | 1 950 | 1 679 | 1 580 | 1 510 |
| Betalingsterminalar (EFTPOS) | 117 670 | 120 106 | 123 491 | 128 203 | 135 877 | 139 884 | 147 784 | 152 757 | 155 212 | 161 005 | 161 709 |
| Talet på brukarstader med betalingsterminalar (EFTPOS) som aksepterer BankAxept-kort | 94 708 | 96 152 | 97 722 | 100 758 | 105 726 | 110 282 | 111 401 | 114 227 | 115 750 | 108 684 | 107 085 |

Kunderetta betalingstenester

NOREGS BANK MEMO
NR 1 | 2019

Tabell 8: Bruk av betalingstenester (millionar transaksjonar)

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| I alt | 1 604,3 | 1 701,4 | 1 837,1 | 1 976,1 | 2 137,7 | 2 279,5 | 2 443,2 | 2 602,0 | 2 804,4 | 3 037,3 | 3 236,4 |
| Giro (kreditoverføringer og direkte debiteringar) | 528,3 | 541,6 | 563,4 | 575,3 | 597,2 | 608,6 | 625,8 | 650,3 | 683,2 | 728,1 | 766,6 |
| Elektronisk | 483,9 | 503,6 | 533,5 | 550,0 | 575,1 | 589,0 | 608,8 | 635,3 | 670,8 | 718,5 | 758,9 |
| Blankettbasert | 44,5 | 38,1 | 29,9 | 25,3 | 22,1 | 19,6 | 17,0 | 15,0 | 12,4 | 9,6 | 7,7 |
| Betalingskort (betalingar) | 1 075,6 | 1 159,5 | 1 273,5 | 1 400,6 | 1 540,4 | 1 670,8 | 1 817,3 | 1 951,6 | 2 121,2 | 2 309,1 | 2 469,7 |
| Elektronisk | 1 073,2 | 1 157,7 | 1 271,8 | 1 398,9 | 1 538,3 | 1 668,8 | 1 815,3 | 1 949,2 | 2 120,6 | 2 308,6 | 2 469,1 |
| Manuelt | 2,4 | 1,9 | 1,7 | 1,8 | 2,1 | 2,0 | 2,1 | 2,5 | 0,6 | 0,5 | 0,6 |
| Sjekk | 0,4 | 0,3 | 0,2 | 0,2 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,1 | 0,0 | 0,0 |

Tabell 9: Giro (debet- og kreditoverføringer) (millionar transaksjonar)

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|---|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| I alt | 528,3 | 541,6 | 563,4 | 575,3 | 597,2 | 608,6 | 625,8 | 650,3 | 683,2 | 728,1 | 766,6 |
| Kreditoverføringer | 468,8 | 476,0 | 492,7 | 499,3 | 514,7 | 520,9 | 530,8 | 548,1 | 574,1 | 613,7 | 647,8 |
| Elektroniske | 430,5 | 443,6 | 467,1 | 477,1 | 495,4 | 503,7 | 516,0 | 535,4 | 550,6 | 605,2 | 640,9 |
| Bedriftsterminalgiro | 43,2 | 44,1 | 44,9 | 47,1 | 14,5 | 14,5 | 15,7 | 15,1 | 16,7 | 18,8 | 21,2 |
| Telegiro | 12,2 | 12,7 | 11,1 | 9,7 | 8,6 | 7,6 | 6,6 | 5,7 | 5,0 | 4,4 | 3,6 |
| Nettbank og mobilbank | 340,4 | 349,7 | 371,5 | 378,9 | 430,4 | 437,7 | 448,1 | 467,1 | 481,8 | 502,6 | 494,9 |
| Personkundar | 171,2 | 205,3 | 220,2 | 230,4 | 246,3 | 257,7 | 262,4 | 274,9 | 283,4 | 291,5 | 286,3 |
| Føretakskundar | 169,2 | 144,4 | 151,4 | 148,4 | 184,1 | 180,0 | 185,7 | 192,3 | 198,4 | 211,1 | 208,6 |
| Straksbetalingar | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 0,9 | 58,1 |
| Av desse: Straksbetalingar i mobilloysingar | - | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 56,4 |
| Andre mobilbetalingar frå bankkonto | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 30,4 | 14,8 |
| Andre elektroniske kreditoverføringer | 34,7 | 37,1 | 39,5 | 41,5 | 41,9 | 43,9 | 45,7 | 47,4 | 59,9 | 48,0 | 48,3 |
| Blankettbaserte | 38,3 | 32,4 | 25,6 | 22,1 | 19,3 | 17,2 | 14,8 | 12,7 | 10,7 | 8,5 | 6,9 |
| Bedriftsterminalgiro og nettbank med tilvising | 1,3 | 1,2 | 0,9 | 0,7 | 0,6 | 0,5 | 0,5 | 0,4 | 0,4 | 0,3 | 0,3 |
| Brevgiro | 26,1 | 23,8 | 19,9 | 17,7 | 15,7 | 14,0 | 12,2 | 10,5 | 8,9 | 7,1 | 5,8 |
| Giroar leverte inn på ekspedisjonsstad – kontobelastningar | 10,9 | 7,4 | 4,8 | 3,8 | 3,0 | 2,6 | 2,1 | 1,7 | 1,4 | 1,1 | 0,9 |
| Direkte debiteringar | 53,4 | 59,9 | 66,4 | 72,8 | 79,7 | 85,2 | 92,8 | 99,9 | 107,4 | 113,3 | 118,0 |
| Giroar leverte inn på ekspedisjonsstad – kontante innbetalinger | 6,2 | 5,7 | 4,3 | 3,2 | 2,8 | 2,4 | 2,2 | 2,3 | 1,7 | 1,1 | 0,8 |

Tabell 10a: Betalingskort. Bruk av kort (millionar transaksjonar)

| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|--|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Bruk av norske kort i alt (i Noreg og i utlandet) | 1 182,0 | 1 259,7 | 1 368,8 | 1 492,2 | 1 627,3 | 1 752,3 | 1 892,8 | 2 020,7 | 2 182,1 | 2 362,2 | 2 516,5 |
| Betalingar | 1 075,6 | 1 159,5 | 1 273,5 | 1 400,6 | 1 540,4 | 1 670,8 | 1 817,3 | 1 951,6 | 2 121,2 | 2 309,1 | 2 469,7 |
| Betalingar i EFTPOS-terminalar | 1 043,1 | 1 119,0 | 1 225,3 | 1 343,6 | 1 463,4 | 1 572,8 | 1 698,8 | 1 818,1 | 1 942,1 | 2 016,5 | 2 115,5 |
| Av desse: kontaktlause betalingar | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 22,9 | 102,8 |
| Betalingar utan kontantuttak | 969,9 | 1 047,9 | 1 160,1 | 1 283,0 | 1 407,5 | 1 521,7 | 1 652,6 | 1 776,6 | 1 905,9 | 1 985,4 | 2 090,1 |
| Betalingar med kontantuttak (cash-back) | 73,2 | 71,1 | 65,2 | 60,6 | 55,9 | 51,1 | 46,2 | 41,5 | 36,2 | 31,1 | 25,4 |
| Betalingar over internett | 30,1 | 38,7 | 46,5 | 55,3 | 74,6 | 95,4 | 115,3 | 130,0 | 177,2 | 231,3 | 292,2 |
| Mobilbetalingar med kort | - | - | - | - | - | - | - | - | - | 59,5 | 60,2 |
| Andre elektroniske betalingar | - | - | - | - | 0,3 | 0,6 | 1,2 | 1,1 | 1,3 | 1,3 | 1,3 |
